




Skjåk kommune

PROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtestad: Skjåk Kommunehus	Møtedato: 7. februar 2020	Frå kl. 1000	Til kl. 1400
--------------------------------------	-------------------------------------	------------------------	------------------------

Møteleiar:	Arnfrid Austin		
Møteinnkalling (kunngjering)	Møteinnkalling sendt 27. januar 2020		
Til stades:	I alt 5 medlemmar	Av desse 5 faste medlemmar	
Andre frammøtte	Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.		
Saker som vart handsama	Sak nr./år: 29/2019		
Merknader til møtebok	Ingen		
Vi sannar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.	 Arnfrid Austin  Arild de Presno  Sigrun Kveen  Ingeborg Haugen Flatmo  Laurits Ørjasæter		

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til

- ☐ Medlemmane av kontrollutvalet
- ☐ Varamedlemmane av kontrollutvalet
- ☐ Ordføraren og rådmannen
- ☐ Innlandet Revisjon IKS
- ☐ Presse



Skjåk kommune

PROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtestad: Skjåk Kommunehus	Møtedato: 7. februar 2020	Frå kl. 1000	Til kl. 1400
--------------------------------------	-------------------------------------	------------------------	------------------------

Møteleiar:	Arnfrid Austin		
Møteinnkalling (kunngjering)	Møteinnkalling sendt 27. januar 2020		
Til stades:	I alt 5 medlemmar	Av desse 5 faste medlemmar	
Andre frammøtte	Ordførar Edel Kveen Kommunedirektør Ivar Bø Økonomisjef Odd Gudbrand Aamodt Næringssjef Eli Johanne Ludemo Revisor Anne Hesthagen Forvaltningsrevisor Ingvild Selfors Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.		
Saker som vart handsama	Sak nr./år: 01 - 07/2020		
Merknader til møtebok	Ingen		
Vi sannar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.	Arnfrid Austin Ingeborg Haugen Flatmo Arild de Presno (sak 01-05/2020) Laurits Ørjasæter Sigrun Kveen		

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til

- ☐ Medlemmane av kontrollutvalet
- ☐ Varamedlemmane av kontrollutvalet
- ☐ Ordføraren og rådmannen
- ☐ Innlandet Revisjon IKS
- ☐ Presse

Innkalling og saksliste:

Det var ingen kommentar til innkalling og saksliste.



SKJÅK KONTROLLUTVAL

MØTEBOK

SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
Morten Sørhage	7. februar 2020	Kontrollutvalet	01/2020

Vedlegg:

- Framlegg til årsmelding 2019
- Oppfølging kontrollutvalet 2019

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2019

I følge kommunelova § 76 har kommunestyret det øvste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve tilsynet med den kommunale forvaltninga på sine vegne.

I samsvar med kommunelova § 77 nr. 6 skal kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret. Dette kan gjerast via laupande rapportering, årsmelding, eller ein kombinasjon av desse to måtane. Kontrollutvalet i Skjåk gjev gjennom si årsmelding ei samla orientering til kommunestyret om utvalet si verksemd gjennom året.

Forslag til innstilling:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2019 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader eller kommentarar til forslaget.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek kontrollutvalets årsmelding for 2019 til orientering.

Samrøystes



ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	7. februar 2020	Kontrollutvalet	02/2020

Vedlegg:

- Revisors vurdering av uavhengigheit
 - o Oppdragsansvarleg revisor
 - o Dagleg leiar

EIGENVURDERING AV REVISORS UAVHENGIGHEIT

Kontrollutvalet har oppgåver med regnskapsrevisjon etter Kommuneleien § 23 -2 og Kontrollutvalsforskriftens kapittel 3. (Tidlegare lov § 77 nr. 4 og Kontrollutvalsforskriftens kapittel 4.) Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at regnskapa blir reviderte på ein forsvarleg måte. Dette er knytta til fleire tilhøve:

- At revisjonen skjer i samsvar med lover, reglar og god kommunal revisjonsskikk
- At revisor er uavhengig og oppfyller kvalifikasjonskrav
- At revisjonen følgjer eventuelle avtalar som revisor og kontrollutvalet har inngått

Kontrollutvalet fyller sitt ansvar for å sjå til at revisjonen blir utført på ein forsvarleg måte ved å gjennomføre aktiviteter knytte til oppfølging av revisjonen. Dette kan mellom anna omfatte revisor si uavhengigerklæring.

Sekretæren har vurdert revisor si erklæring om uavhengigheit og har ingen merknader til denne.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.

Handsaming:

Revisor informerte kort om formålet og innhaldet i erklæringane. For oppdragsansvarleg revisor er det vurdering for rekneskapsåret 2019.

Sekretær informerte om at erklæringar som gjaldt forvaltningsrevisorar for 2020 var ettersendt ordinær innkalling.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor si erklæring om uavhengigheit til orientering.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
Morten Sørhage	7. februar 2020	Kontrollutvalget	03/2020

Vedlegg:

Innlandet Revisjon IKS: Hovedtrekkene i overordnet revisjonsstrategi for 2019

OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI 2019

Etter gjeldende avtaler legg Revisjon Innlandet IKS fram overordna revisjonsstrategi 2019. Strategiplanen beskriv revisjonsomfanget og tidsplanen. Vidare er den bakgrunn for styring av oppdraget og gjev føringar for revisjonsplanen. Hovudtrekka i overordna revisjonsstrategi har desse hovudpunkta:

- Inndeling revisjonsområde
- Risiko- og vesentlegheitsvurderingar
- Tidspunkt for gjennomføring og styring
- Metodikk og angrepsvinkel
- Identifiserte vesentlege risikoområde
- Attestasjonsoppgåver

Arbeidet med revisjonen vil rullerast etter kvart som revisjonen blir utført. Innlandet Revisjon vil kommunisere dette undervegs. Revisor stiller på møtet for nærare orientering.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Handsaming:

Revisor orienterte om saka og gjekk gjennom arbeidsprosessen. Revisor orienterte spesielt om forenkla etterlevelseskontroll. Kontrollen vil spesifikt ha fokus på kommunale anskaffelsar.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Samrøystes.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
Morten Sørhage	7. februar 2020	Kontrollutvalget	4/2020

Vedlegg:

Avregning total ressursbruk 2019

Årsrapport 2019

INNLANDET REVISJON IKS – ÅRSRAPPORT OG AVREGNING 2019

Oppdragsavtalen med Innlandet Revisjon IKS vart handsama i sak nr. 23/2018 den 25. oktober 2018. Denne gjev grunnlag for fakturering gjennom året. Etter avtalen skal tenesten avreknast etter reelt ressursbruk.

Avrekninga syner mindreforbruk andsynes oppdragsavtalen. Differansen for tenesteyting utgjer eit mindreforbruk på kr. 210 180. Med frådrag for tilleggsinnbetaling til pensjonsfond, utgjer differansen 163 080. Dette går til frådrag inneverande år.

Revisor deltek på møtet med nærare orientering.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek avrekning og årsrapport 2019 frå Innlandet Revisjon IKS til orientering.

Handsaming:

Revisor orienterte om oppsettet. Kontrollutvalet hadde ingen kommentar til saka.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek avrekning og årsrapport 2019 frå Innlandet Revisjon IKS til orientering.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
Morten Sørhage	7. februar 2020	Kontrollutvalget	05/20

Vedlegg (eigen fil):

- Innlandet Revisjon IKS - FR-rapporten «Forvaltning av næringsfond»

RAPPORT FORVALTNINGSREVISJON

Saksframlegg:

Etter kommunelovas § 23-3 (tidlegare § 77 nr. 4) innebær forvaltningsrevisjon:

Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Utgangspunktet for forvaltningsrevisjonsprosjekt er den planen som er vedteken for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret i Skjåk vedtok planen for perioden 2017 - 2021 den 30.03.2017, k-styresak 17/17. Plan for forvaltningsrevisjon byggjer på ein overordna analyse, der formålet er å få fram relevant informasjon om tjenesteområda, slik at det er mogleg for kontrollutvalget å prioritere arbeidet med forvaltningsrevisjon. Den overordna analysen byggjer på ein risiko- og vesentlighetsvurdering der risiko innenfor alle tjenesteområdene blir vurdert.

Kontrollutvalget bestilte i sak 2/19 den 14.3.2019 ein forvaltningsrevisjon om næringsfondet i Skjåk kommune. Prosjektet har denne overordna problemstillinga:

Er forvaltninga av næringsfondet i Skjåk i tråd med regelverk og kommunale retningslinjer?

Revisjonen gjev i tre delproblemstillingar gir tilstrekkeleg konklusjon på den overordna problemstillinga.

1. *Er næringsfondsvedtektene i tråd med overordna regelverk?*
2. *Er bruken av næringsfondet i tråd med formål og vilkår gitt i vedtektene?*
3. *Er utbetalingar i tråd med vedtak?*

Rapporten konkluderar med at vedtektene at Skjåk kommune sine vedtekter for næringsfondet er i tråd med overordna regelverk. Skjåk kommune sin bruk av næringsfondet er i stor grad i tråd med formålet gitt i vedtektene. Revisjonen har funne at alle utbetalingane dei har

gjennomgått er gjennomført etter at det er motteke attestert rekneskap og med riktig beløp. Når det gjeld etablerartilskot er imidlertid praksis ikkje fullt ut i tråd med vedtektene. Innlandet Revisjon IKS gjev denne tilrådinga:

Revisjonen tilrår at kommunen går igjennom vedtektene for næringsfondet sett i lys av endringar i vassdragsreguleringsloven og dei avvika i forhold til vedtektene som denne forvaltningsrevisjonen omtalar.

Kommunedirektøren har 31.1.20 gjeve kommentar til rapporten, der dei vurderer rapportens vurderingar, konklusjonar og tilrådingar. Kommunedirektøren ser rapporten som svært nyttig.

På grunnlag av dette, meiner sekretær at intensjonane med rapporten er oppfylte og har dette forslaget til kontrollutvalet:

Forslag til innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapporten "Forvaltning av næringsfond" til etterretning.

Handsaming:

Forvaltningsrevisor Ingvild Selfors orienterte om rapporten.

Kontrollutvalet diskuterte og kommenterte høve i rapporten, og stiller seg bak innhaldet i den. Ordførar kommenterte at næringsfondet hadde vore mykje opp til diskusjon og såg nytten med ein gjennomgang.

Utvalsleiar ynskjer ei orientering i kommunestyret, der revisor deltek. Utvalsleiar la fram eit nytt forslag til innstilling, som vart vedteke.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til konklusjonar og tilrådingar i rapporten. Kommunestyret ber kommunedirektøren fylgje opp desse ved å gå gjennom vedtektene for næringsfondet. Samrøystes.



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
Morten Sørhage	7. februar 2020	Kontrollutvalget	06/2020

Vedlegg i eigen sending/arbeidsdokument:

Reglement kontrollutval

Utkast/oversikt risiko- og vesentlegheitsvurdering

Årsplan 2020

ARBEIDSMØTE

For vidare arbeid i 2020 går kontrollutvalet gjennom desse tilhøva:

- Reglement for kontrollutval i Skjåk kommune
 - o Det er vedteke ny kommunelov, som gjev at det må oppdaterast
 - o Reglementet må også vurderast andsynes offentleglova, ytringsfridom og forvaltningslova
- Årsplan 2020
 - o Kontrollutvalet går gjennom oversikt over saker og oppgåver 2020
 - Kontrollutvalet vurderer sjølv aktuelle saker
 - Planen må rullerast gjennom året
 - o Kontrollutvalet fastset møteplan 1. halvår 2020
- Risiko – og vesentlegheitsvurdering
 - o Kontrollutvalet går gjennom utkast/oversikt for vidare vurdering
 - o Vurderinga skal gje grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
 - Vedtakast i løpet av 2020

Handsaming:

Sekretær set i gang arbeid med vurdering av reglementet for kontrollutvalet. Arbeidet vurderast i seinare arbeidsmøte.

Sekretær gjekk gjennom førebels arbeid med utkast til risiko- og vesentlegheitsvurdering. Utvalet hadde ingen kommentar til dette.

Forslag til møtedagar fyrste halvår 2020:

24. april

8. mai

Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering
- 2) Kontrollutvalet vedtek møteplan 1. halvår 2020 som forslagetmrøystes



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	7. februar 2020	Kontrollutvalget	07/2020

POST

Revisor orienterte om notat frå Innlandet Revisjon IKS om NRK-oppslag vedr. Innlandet fylkes val av revisjonsløyising.

Sekretær orienterte om prosessen med tilsetting av ny medarbeidar i sekretariatet (SKNG).